



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:  
2021/1327-9

Saksbehandlar:  
Aslak Momrak-Haugan,35067119

Arkivkode:  
L12

Dato:  
26.10.2022

## **Uttale til høyring av detaljplan for miljø og landskap ved forsterking av Øysæ dam**

Fyresdal kommune syner til høyring av detaljplan ved forsterking av Øysæ dam, dykkar sak 202111349-12.

### **Bakgrunn**

Arendal Vasdrags Brugseierforening (AVB) har oversendt detaljplan for forsterking av Øysæ dam til NVE. Eksisterande Øysæ dam tilfredsstillar ikkje nye myndigheitskrav knytt til steinfraksjon og sikkerhet for opp- og nedstrøms dam-skråningar og -krone.

Dammen må difor forsterkast med ekstra lag plastringstein over heile dammen. Forsterkinga krev uttak av ca 60 000 - 70 000 m<sup>3</sup> fast fjell for å kunne produsere tilstrekkelig mengde plastringstein. Det er planlagt uttak av masser i eksisterande steinbrot i magasinet, som skal nyttast til forsterking av dammen.

Prosjektet er tenkt gjennomført i perioden april – november 2024.

### **Uttale frå Fyresdal kommune**

Detaljplanen miljø og landskap for Øysæ dam gir ei god skildring av prosjektet. AVB eig sjølv området som blir berørt av tiltaket, med unntak av uttaks plass av morenemasse til forsterking av kjerne. Det kjem ikkje fram av planen kvar dette uttaket er, dette er etterspurd hjå AVB, og skal ettersendast.

Inngrepsgrensa for prosjektet er tydeleg definert, og Fyresdal kommune er svært opptatt av at denne er absolutt. Fyresdal kommune har forvaltarmynde i Fugledalen Naturreservat, der grensa for naturreservatet fyljer vegen opp på dammen, parallelt med inngrepsgrensa. Forskrift om vern av Fugldalen Naturreservat (FOR-2011-12-16-1285) er svært streng, og ein forutset at vernet kommuniserast tydeleg til involverte entreprenørar i prosjektet. Som forvaltarmyndighet vil Fyresdal kommune føre noko tilsyn gjennom prosjektperioden.

Fyresdal kommune er godt nøgd med at AVB no har hamna på at steinbrotet for plastringsstein skal hentast i fortsettinga av eksisterande brot. Dette gjer inngrepet mindre synleg, med unntak ved låg vasstand. Også her ber ein tiltakshavar kommunisere vernegrensa tydeleg, gjerne med merking i felt, slik at ein unngår skader på vegetasjon, tresetting m.m i samband med steinbrotet.

Området kring Øysæ dam er mykje bruka gjennom året, både med tilkomst til hyttefeltet aust for dammen, tilkomst til båtslepp i Øysævatnet, og gjennom turvegen inn i Fugldalen Naturrestat. Planen skildrar problemområde og avbøtande tiltak på ein god måte, men området er trongt, og ein bed AVB ha særleg fokus på tidleg dialog med ulike brukargrupper for å hindre konflikt, uhell og ulykker.

Riggområder og anleggsvegar er godt beskrive i planen, her er poengtert at alle synlege vegar/plassar skal tilbakeførast når anlegget ferdigstillast. Fyresdal kommune påpeikar at dette også må gjelde alle vegar i magasinet som er synlege ned til LRV.

Fyresdal kommune er kjent med at det er gjort mindre oppgraderingar på vegen inn til Øysæ dam. Mykje av strekninga går på særst bærsvak grunn, og ein forutset at vegane haldast farbare for publikum gjennom heile anleggsfasen, med påkøyring av masser ved behov. Dette gjeld i særdeleshett strekninga frå bommen ved Libru og inn til bommen ved parkeringsplassen ved Skåltjønn.

Strekninga frå Libru (ved bomkassa), opp bakkane til Skåltjønn, over parkeringsplassen og til bommen ved Skåltjønn, er i dag i svært dårleg tilstand. Fyresdal kommune forutset at heile denne strekninga oppgraderast etter avslutta anlegg, med gode grøfter, stikkrenner og tilstrekkeleg slitelag, slik at vegen held god standard etter endt anleggsperiode.

Etterbruk og tilrettelegging for ålmenta er ivaretatt i planen, med bygging av nye båthus som erstatning for dei gamle. Det er lagt opp til 10 parkeringsplassar, her må snuplass vere stor nok til at ein kan snu med bil og hengar sjølv om alle 10 plassane skulle vere opptatt.

Brotkanten vert etter endt tiltak høgare enn i dag, og Fyresdal kommune bed NVE vurdere behov for sikring på toppen av brotkanten, t.d. i form av permanent gjerde.

For Fyresdal kommune

Aslak Momrak-Haugan  
skogbrukssjef

*Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift*